



Bjørn Olav Tveit og Johannes Hjørnevåg er optimistar på vegne av kunstgrasbaneprosjektet sjølv om dei fekk nei til spelemidlar i fyrste omgang. Her er de under tildelinga på Husnes då dei fekk 400 000 frå Sparebankstiftinga for kort tid sidan.

Fylkeskommunen har avslege søknaden frå Uskedal Idrettslag om spelemidlar til kunstgrasbane for dette året. Grunnen til avslaget er manglande midlar. Fylkeskultursjefen og fylkesikdrettssjefen understrekar at søknaden er formelt i orden og kan fornyast neste år. Imidlertid har idrettslaget klagerett med 3 vekers klagefrist. Hvis fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følge av klaga skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Bjørn Olav Tveit seier i ein kommentar til Uskedalen.no at avslaget ikkje har nokon konsekvens for framdriften i prosjektet. Han reknar med at det vil komma igang utpå hausten og visar til at finansieringa vil gå i orden gjennom eit lån med kommunal garanti og det er laget sikre på å få. Søknaden om spelemidlar er støtta av ei positiv tilråding frå kommunen og laget har vore førebudd på at det kan ta opptil 3 år før spelemidlane vert innvilga.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen